

Turngruppa.

Styret i turngruppa har hatt åtte styremøte i året som har gått, og to trenarmøte, eit om våren – 07, eit om hausten –07. Me har behandla 41 saker.

Medlemmane våre hausten 2007 var 163 barn & vaksen, fordelt på 7 parti. Gruppa har hatt 17 trenarar. Alle partia har trena i Osterøyhallen.

Turngruppa år har endelig fått råd til å kjøpe den sterkt etterlengta tumblingbana. Det har også lukkast gruppa å få meir treningstid, så no får ein del av dei ivrigaste gymnastane tilbod om å trena både tysdag og torsdag.

Økonomien er grei. Treningsavgifta går stort sett opp i opp med hall-leige og treningslønningar. Dette innebær at kostnadar med investering i utstyr og kursing/aktivitetar for trenarar og utøvarar må hentas inn andre plasser frå. Gruppa har satsa sterkt på å få kjøpt inn meir utstyr slik at ein kan ta på seg å arrangera konkurransar. Det vert for kostnads- og resurskrevjande å reise rundt å leige utstyr før kvar konkurranse.

Turngruppa er inne i ein god fase, med mykje god aktivitet. Ny tumblingbane og ein ekstra treningsdag for ein del av gymnastane vil nok hjelpe svært på for å heve nivået på turnarane. Gruppa vil fortsetje i same retning som i 2007. Satsingsområdet er breddeidrett. Hovudmålet er å gi eit så godt tilbod til barn og unge som mogeleg, og ein ser at interessa er stor spesielt blant dei yngste.

Volleyballgruppa.

Volleyballgruppa har hatt ca. 10 medlemmer, og eit lag i serien (1. div. damer).

Damelaget har i 2007 trena 2 gonger i uka. Og har fortsatt godt samarbeid med BSI.

- Heimekampane har laget spelt i Osterøyhallen.
- Hovudsponsorane som har våre med oss i år er: LOBAS og Ruukki. Nytt frå høsten er at Volleyballgruppa har startet opp med å selge Ullmax (superundertøy). Gruppa har fortsatt litt "volleyball t-skjorter" og fleece gensere igjen for salg.
- Gruppa har utarbeidd programhefte som vert delt ut på Osterøy og på heimekampane.
- Gruppa har i år jobba ein del dagnad: funksjonærer NM U19 og kosting på Toro.
- Arrangerte påskecup i lag med Fotlandsvåg.
- I sesongen 2006/2007 kom volleyballgruppa på 2. plass i avdelinga. Men pga gode resultater på rankingturneringene vant gruppa 1. divisjon. Hadde tilbod om å søkja lisens for spell i eliteserien, dette takket gruppa nei til.
- Deltok i alle fire 1. divisjonsturneringer, fekk ein 3.plass, to 1.plasser, og 5.plass i siste turneringen.
- Deltok i åpningsturnering i Bergen før sesongstart, og fekk 1.plass. Etter haust sesongen 2007/2008 har laget tapt 1 seriekamp før jul og tok juleferie med 1.plass i vår avdeling. Deltok i rankingturnering før jul. Den fekk me ein 7 plass. Deltok også i NM Vett volley i Bodø, 4.plass.
- Laget er nesten det same som i fjor. Klubben har 2 kretsdommere og 2 distriktsdommer.
- Sportsleg burde nok klubben satsa meir på rekrutteringslag. 1. div. er eit lag som fungerer på kort sikt, eit år om gongen. Gruppa ser at rekruttering er nødvendig, og at klubben bør starta opp med yngre lag. Men her står det vel litt på tid og krefter.